



27.03.2025

2025/1914

Dykkar dato:

Dykkar ref:

«RefDato»

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Maria Laingen, 71 25 85 27

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Utlysing av midlar til prosjektskjønn

Statsforvaltaren inviterer kommunane i Møre og Romsdal til å søke på prosjektskjønnmidlar for 2026. Midlane skal gå til fornying og utvikling i kommunane. Dei siste åra har totalramma vore om lag 10 millionar kroner.

Satsingsområdet er interkommunale samarbeid, for å bidra til å løyse omstillingsbehovet i kommunane. Noreg har framleis store og uløyste utfordringar knytt til berekraft. Kommunane er her sentrale aktørar! Interkommunalt samarbeid kan bidra til ei meir berekraftig og innovativ oppgåveløysing. Skal ein lukkast med det, må ein også arbeide på nye måtar.

Interkommunalt samarbeid

På oppdrag frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har NIVI Analyse kartlagt [interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal](#).

NIVI Analyse peiker på at det er eit veksande behov for samarbeid, og ein fastare struktur på samarbeida. I rapporten skriv dei: «...*det formaliserte samarbeidet står fram som dårleg strukturert og svakt utvikla på mange viktige tenesteområde. Dagens organisering står fram som sårbar og ikkje gjennomgåande dimensjonert ut i frå faglege kriteriar*».

Sjølv om dette er andre året med interkommunale samarbeid som satsingsområde for prosjektskjønn, står mykje framleis uløyst. Behovet for interkommunale samarbeid er styrka for mange av kommunane i Møre og Romsdal grunna knappheit på både fagfolk og økonomiske midlar.



Demografiske endringar vil krevje store økonomiske og strukturelle endringar. Vi treng difor høgare innovasjonstakt i offentleg sektor. Interkommunale samarbeid kan bidra til løysinga her.

På bakgrunn av dette inviterer Statsforvaltaren i Møre og Romsdal kommunane til å søkje om projektskjønnsmidlar til å bygge opp under meir strukturerte og berekraftige interkommunale samarbeid. **Vi oppmodar kommunane til å rydde i dei ulike interkommunale samarbeida og søke faste strukturar så langt det er formålstenleg.**

Frå retningslinjer for skjønnsdeling 2025:

Føremålet med projektmidlane er å gje kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar i si verksemd. Midlane skal stimulere kommunane til å kunne jobbe med utvikling og innovasjon. Projekta sitt føremål må vere å styrke kommunen i rollene som tenesteprodusent, myndigheitsorgan, lokaldemokratisk arena eller som samfunnsutviklar, slik at oppgåvene blir løyst betre. (...)

Prosjektet må etablerast som eit prosjekt i regi av kommunen, men med moglegheit for samarbeid med andre kommunar og/eller eventuelle eksterne aktørar. Det kan også gjevast støtte til prosjekt med føremål om å opprette nye interkommunale samarbeid, der samarbeidet kan bidra til ei meir berekraftig eller innovativ oppgåveløysing.

Vi prioriterer søknadar som skal støtte effektivisering og omstilling i drifta innanfor dei største sektorane.

For å innvilge midlar til prosjekt, set statsforvaltaren krav om godkjent **grunnavtale** frå kommunestyret. Dette gjeld alle kommunane som er med på søknaden. For kommunane som allereie har gjort vedtak om strategisk samarbeid (grunnavtale) kan ny søknad baserast på gjeldande avtale om denne høver.

Kommunelova § 17-1 listar opp fleire former for interkommunalt samarbeid. Det kan skje til dømes gjennom eit kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak.

Søknadsprosedyre for projektskjønn

Projektskjønn blir tildelt etter [eigne retningslinjer frå departementet](#).

Søknadskriteria:

- Berre kommunar kan søke om midlar og stå som ansvarlege for projekta.
- Projekta skal skissere målsetting, metode og kva resultat ein vil oppnå.
- Søknaden må ha godkjenning frå kommunedirektør.
- Kommunestyra må gjere vedtak om ein grunnavtale som framtidige samarbeid skal bygge på.
- Statsforvaltaren oppmodar om at kommunane samarbeider om felles prosjekt som inkluderer heile regionen.
- Større prosjekt vil bli prioriterte.
- Enkeltkommunar kan søke om projektskjønn som har stor overføringsverdi til andre kommunar.
- Krav om minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering av projekta.
- Projektskjønnsmidlar kan ikkje tildelast oppgåver i ordinær drift eller gå til kjøp av utstyr.

Vi har som mål å gjere kjend for kommunane kva prosjekt som får skjønnsmidlar neste år samtidig som statsbudsjettet vert lagt fram.



Prosjekta kan gå over fleire år (maksimalt 3 år), men kommunane må søke for kvart år. Kommunar som får midlar, må vere villige til å dele erfaringar frå prosjektet med andre kommunar.

Rapportering

Søknad skal sendast gjennom [prosjektskjønnportalen](https://prosjektskjønnportalen.no). Om de ikkje har brukar her, må de opprette brukarkonto. Dette skal gjerast for alle kommunane som er med på søknaden. Rapportering på prosjekta vert gjort i same portalen. Frist for rapportering på prosjektskjønn for 2026 vert 1. februar 2027.

Praktisk info

Vi vil i løpet av april/mai arrangere eit webinar om handlingsrommet i interkommunale samarbeid. Eigen invitasjon vert sendt ut, sjå eventuelt våre nettsider.

Lenke til nettsida de sender søknad frå: <https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no/>

Sjå nettsida vår under kommunal styring og kommunal fornying for meir informasjon. Søknadsfrist for prosjektskjønn er 1. juni 2025.

Spørsmål knytt til prosjektskjønn kan rettast til Maria Laingen, seniorrådgivar, tlf. 71 25 85 27 – maria.laingen@statsforvalteren.no

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)

ass. statsforvaltar

Maria Laingen

seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Mottakere:**

Vanylven kommune	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
Sande kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykkylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSTUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND